

Hoggorm er freda gjennom viltlova, og det er berre lov å avliva orm dersom det er fare for skade på menneske.

# Krypdyr

## Få artar bur i vårt kalde klima



Foto: Inga Marie Aasen

### HOGGORM ER EIT KRYPDYR

Krypdyra våre er etterlevingar etter dinosaurane. I Sogn finst det berre to artar; hoggorm og firfisle.

Hoggormen er den einaste giftslangen i Nord-Europa.

Krypdyret bur i hi frå september til april-mai. Då samlar dei seg i store mengder. I Finland har dei funne 800 hoggormar i eit hi!

### PIGGSVIN MOT HOGGORM

Piggsvin i hagen kan vere ei grei forsikring mot hoggorm. Det er motstandsdyktig mot ormebit, og ormen stikk seg til døde på piggsvinet!

### FOLKETRU

Buorm var lykkedyr, mens hoggormen var skapt av den vonde.

Somme la ut tobakk rundt stølshusa for å halde ormen borte. Løypestikke er også planta mot orm. I tillegg gav dei løypestikke til kyrne så dei ikkje skulle bli bitne.

Rundormsnyltarar i magen har vore opphav til mykje folketru om å ha hoggorm i magen. Dette fanst det mange merkeleg råd mot, blant anna å lokke den ut med vassdråpar og fossedur.

### KJENNETEIKN

Hoggormen er lett å kjenne på sik-sak-mønsteret på ryggen. Hannen er lysare i farge enn hoa som vanlegvis er mørkebrun. Ormen på bildet er ein hann.

### HOGGORMEBIT

Det beste rådet for å unngå hoggormebit, er å bruke støvlar. Hoggormen når ikkje høgare enn støvelen. Tjukke sokkar og bukser skjermar og godt mot dei små hoggormtennene. Kontakt lege dersom du er så uheldig å bli beten.